

Dei kallar han eit nordisk geni. Men Jon Fosse (47) trur ikkje han er spesielt intelligent. På fritida driv han helst med pengespel og fleip.

# Tvilaren

[ [ingvild.kjode@kk.no](mailto:ingvild.kjode@kk.no) ]

*Han: Eg er ikkje nødvendigvis så veldig intelligent.*

*Ho: Nei?*

*Han: Nei. Det er no så som så. Men eg kan glimte til.*

*Ho: Ja.*

*Han: Og flink er eg no heller ikkje.*

*Ho: Nei?*

*Han: Eller. Eg er flink til noko, men elles er eg upraktisk og elendig.*

*Ho: Men du er klok?*

*Han: Ja, litt klok trur eg faktisk at eg er.*

**Dødslengsel og tvil.** Jon Fosse er ein hylla mann. Ein verdsmann. No sit han i skuggen i Bergen, gøymd bak mørke solbriller, og hevdar at han ikkje er særleg skarp. Er det det mykje omtalte tungsinnet hans som har festa grepet? Koketterer han? Eller er han usikker?

– Eg er trygg i det store, men tvilen er jo der kvar einaste dag, i alt eg gjer. Får eg det til? Får eg det ikkje til? Eg veit jo ikkje om eg får det til.

– Nei?

– Nei. Eg har fått til mykje, men eg skriv mykje dårleg også. Og skrivinga kjem utanfrå, som ei slags gåve. Eg har ikkje kontroll over henne. Så ofte lurer eg på om det eg har skrive, har noko for seg, eller er berre skit.

Slik snakkar ein mann som treng meir enn 12 A4-sider for å liste opp oppsetjingane av

stykkane sine ute i verda. Jon Fosse har funne ei form som verda berre vil ha meir av. Det handlar om gjentakningar, eit nesten meditativt språk og historier som er ribba ned til grunnen. I stykkane hans heiter personane gjerne Han og Ho, eller som i det ferskaste stykket hans, «Eg er vinden», Den eine og Den andre.

– Der skriv eg om to menn som er på sjøen. Den eine hamnar i vatnet, og den andre prøver å redde han, utan å lukkast. Så må han ta seg til land åleine. Det er historia, men kva det handlar om, veit eg ikkje.

– Om ei dragning mot døden?

– Ein dødslengsel, ja definitivt.

– Kvifor skriv du om det?

– Det kan eg ikkje forklare, men eg skriv ofte om døden.

– Kvifor?

– Eg trur at viss du skal vere klok i livet, og sleppe unna dødsangsten, så må du ha eit anna forhold til døden, ein slags dødslengsel. Har du ikkje det, blir døden lammande og aldeles meningslaus.

– Så du skriv for å sleppe dødsangst?

– Nei, for eg har ikkje vore så plaga av dødsangst, sjølv om eg har hatt mine blaff som alle andre. Men eg vil seie noko om at

døden er like viktig for livet som livet sjølv. Du har di tid.

– Og tanken på eit evig jordisk liv er vel utmattande?

– Ja, det er eit fengsel av dei største.

**Den største lukka.** Det er ein av desse varme dagane. Sola skin, Bergen skin, menneska skin. Men Jon Fosse ventar på eit veromslag. Hans indre termostat er ikkje innstilt på 30 plussgrader, forklarar han på avslipt hardangerdialekt.

Det er ikkje ofte Jon Fosse gir portrettintervju. Berømmelsen har gjort han gjerrigare på seg sjølv. Kona og dei fire barna snakkar han aldri om. Oppveksten er også privat grunn. Ikkje fordi han hadde ein vond oppvekst.

– Eg hadde ein god og normal oppvekst, seier han.

Jon Fosse, eller Jon Olav som han heitte, voks opp der fjord møter fjell i bygda Strandebarm i Hardanger. Det var grønt og blenkjande. Det var lange, mørke bygdevegar. Det var fjord, naust, bygdedans og kaffibesøk. På det lokale biblioteket oppdaga han tidleg skilnaden mellom god litteratur og bøker. Han las Vesaas og Hamsun, måla bilete og søkte rundt. Så fann han gitaren. Han ville spele, løfte seg i spelet, men det losna ikkje.

Skrivinga, derimot, gjekk det betre med. Den flaut av garde. Fosse hadde knapt passert 20, var ung, radikal og nybakt far, då han vann ein novellekonkurranse i studentavisa StudVest. Han studerte filosofi og levde av å dekke kommunestyremøte for avisa Gula Tidend. Så kom hans første roman.

– Eg fekk til å skrive då eg byrja å tenkje på det som musikk. Som å skrive fram ein song, seier Fosse.

Han gjekk i gang. No nærmar han seg 50 bøker.

– Er du prega av protestantisk arbeidsdisiplin?

– Ja, eg har sterk sjølvdisiplin, og det må du ha når du skal leve utan fast arbeid.

– Du ventar ikkje på inspirasjon?

– Nei, då kan du bli sitjande i ti år. Eg berre set meg ned og byrjar. Inspirasjonen kjem av sjølve skrivinga.

Eit reinska rom, utsikt mot sjøen og ein god Mac er alt han ber om. Og mest mogeleg kvardag og faste rutinar.

– Veit du kva du skal skrive når du set deg ned?

– Aldri. Aldri. Eg tenkjer ikkje ut noko på førehand. Då hadde eg ikkje gidde å skrive. For meg handlar det om å lytte fram teksten. Eg er ikkje særleg kristen, men eg liker å tenkje på det som ei ordlaus bøn.

Fosse tek ein pause, og ein slurk kaldt øl, før han held fram:

– Mange er så opptekne av at dei skal uttrykke seg sjølve gjennom skrivinga, men for meg er det motsett. Eg vil forsvinne. Bli løfta inn i noko anna. Eg vil seie noko om livet, femne det i ei rørsle. Og det er det gode når du skriv, du kjem vekk frå deg sjølv og inn i ein ny dimensjon.

– Korleis kjennest det?

– Det er den største lukka i livet.

**Ein heimlausing.** Jon Fosse har ikkje mykje til overs for den utleverande ironien. Eller kalde, avstumpa romanfigurar. Då skriv han heller om fjorden, døden og kjærleiken. Barndommens landskap er bakteppet, og barndommens språk reiskapen.

– Eg vert nesten forbanna når folk ikkje får skrive på nynorsk.

Nettopp fordi dette intervjuet er på nynorsk, takka han ja til det. Og i den grad ein kan seie at Jon Fosse hevar stemma, så gjer han det no.

– Eg kan ikkje for at eg er fødd, for det første. Eg kan heller ikkje for at eg vart fødd i Hardanger, og at nynorsk vart språket mitt. Men eg meiner det er sjølv sagt at ein skal få bruke sitt språk! Eg har vore heldig, og

bestemmer sjølv kva språk eg skriv, men skal mine ungar lære nynorsk her i Bergen, må eg setje i gang eit helvetes styr utover det eg er mann for.

Fosse snakkar raskt no.

– Vi snakkar om ytringsfridom, at det er så viktig, men så skal du ikkje eingong få bruke språket ditt i ditt eige land. Nei ...

Jon Fosse dreg handa gjennom det nakkelange håret, før han, blotta for ironi, bryt ut:

– Nei, eg kan tillate meg mykje i livet, finne på mykje galskap, men eg kan ikkje svikte nynorsken.

– Har det prega deg på andre måtar også, at du er vaksen opp i ei bygd?

– Det har det nok, men då eg voks opp, skulle bygdemenneska tenkje og vere på ein måte som eg ikkje tenkte og var på. Så eg kjende meg ikkje som noko bygdemenneske. Så reiste eg til byen, og kjende meg heller ikkje som noko bymenneske.

Blikket er på vandring bak solbrillene.

– Eg er nok ein heimlausing av legning.

– Er du einsam, Fosse?

– Eg meiner det er og skal vere ei grunnleggande einsemd i mennesket. Det har med grenser og integritet å gjere. Men eg har alltid, frå eg var unge, hatt både vener, veninner og kjærastar. Så eg stengjer ikkje av der.

**Myten og mannen.** Ein sky og sær mann. Ei tung, filosofisk sjel. Ein mann av få ord, som helst vil vere på fjorden og dra garn.

Det er myten om Jon Fosse. Og ja, han liker seg på fjorden. Men berre så det er sagt, han fiskar ikkje. Og Jon Fosse er verken venelaus eller humørlaus.

– Det er berre tull og fleiping med meg. Eg snakkar sjeldan alvor med dei som kjenner meg.

– Så myten om den tungsindige Fosse er ikkje sann?

– Jau, tungsindig er eg, det skal eg ikkje nekte for. Men fleipen er vel ein måte å halde tungsinnet borte.

– Er det sant at du isolerer deg, held folk på avstand?

– Både–òg. I periodar isolerer eg meg. Det er nesten ein føresetnad for å skrive om livet å halde ein viss avstand til det.

– Men i dag er du lett i praten?

– Ja, eg liker godt å sitje sånn og preike. Men i store selskap, i bryllaup og på premiefestar er eg på heilt feil plass. Det prøver eg å unngå.

– Snakkar du mykje om dei store spørsmåla i livet når du har fri?

– Aldri, aldri, aldri. Vi snakkar om det heilt vanlege. Om middagen, datamaskiner og pengespel.

– Pengespel?

– Ja, eg har ein kamerat som eg går og speler på hest saman med. Eg må ha nokre slike meningslause interesser. Eg overlever ikkje utan. Når eg først slepp fri frå skivinga, vil eg snakke om noko anna. Gjerne noko tåpeleg, som hestar.

– Vinn du noko?

– Nei, vi speler forsiktig. Målet for ein kveld er å gå ut like rik eller fattig som då eg gjekk inn.

– Har du vore fattig nokon gong?

– Eg har hatt mine periodar der eg har måtta dryge kjøtdeigen, men det har no vore av dei betre periodane i livet. Eg lever etter ein sær gamaldags moral når det gjeld pengar, nemleg at du ikkje bruker meir enn du tener. Og så prøver eg å unngå gjeld, så langt som mogleg. Så eg er nok ein nøysam vestlending.

– Du er ingen materialist?

– Nei, det einaste eg kastar bort pengar på, er datamaskiner frå Apple. Elles er eg ein dårleg

forbrukar. Det er ikkje eg som held kapitalismen oppe.

**Smertens år.** Kapitalismen ja. Det er ikkje det at Fosse har noko imot han i utgangspunktet. Det er ikkje det at han vil markere seg som sosialist, den tida er forbi. Det er berre det at:

– Når marknaden har teke over alt, tek han også menneskeverdet!

For første gong under intervjuet har Jon Fosse teke av seg solbrillene. Han gestikulerer og forklarar:

– Det som gjer livet leveleg, forvitrar dersom kapitalismen får breie seg til alle felt. For kva verdi har ei gamal dame som sit på ein heim og skit på seg? Ingen, i kapitalistisk samanheng!

Han snakkar raskt.

– Då eg var ung, var det ingen som hadde det som mål å tene mykje pengar. Men no verkar det som om det er eit mål for mange unge. Det seier noko om eit skifte i samfunnet. Samtidig blir dei unge tvinga til å tenkje slik, for det er så for jævleg dyrt å bu. Det meiner eg at politikarane kunne gjort noko med.

Fosse fortel om då han var ung og budde billig med toalett på gangen. Det gjekk heilt fint det, å pisse på gangen, berre han fekk halde på med sitt. Skrive, studere, spele gitar, drikke øl, gruble.

– Har du hatt eit rikt liv?

– Kanskje. Eg har opplevd mykje, både godt og gale. Mest godt. Men eg vil ikkje bruke ordet rikt, eg vil seie merkeleg. Alt har vore så merkeleg.

– Saknar du å vere ung?

– Nei, ikkje i det heile. Livet er blitt betre. Det har vore eit smertens liv.

– Korleis då?

– Nei, det var no mest i ungdommens år, så har det kome seg etter kvart. Eg trur ikkje det

er så uvanleg. Eg veit ikkje kva som skjer, kanskje du tilpassar deg?

– Kvifor var det smertens år?

Han nøler.

– Eg fordrar ikkje når folk skal skulde på andre. På foreldra eller barndomen. Eg har ingen å skulde på. Eg hadde vel berre smerte i meg.

– Vert den borte når du skriv?

– Skrivning tek bort smerte, utan tvil. Samtidig som det òg er smerte i all skrivning. Det er noko som ikkje er på plass, noko som skurrar, som kanskje får ein til å skrive. Blikket er igjen på vandring. Stemma er lun, som i eit radiohøyrespel.

– Dette kan eg ikkje vite noko om, men den smerta. Den skurringa. Eg trur ho er der hos alle som kastar vekk livet sitt på å skrive.

*Ho: Er du ein privilegert mann?*

*Han: Nei, det trur eg ikkje.*

*Ho: Ikkje?*

*Han: Nei. Eg har eit talent. Det veit eg.*

*Ho: Ja?*

*Han: Og det er sjølvsagt bra. På ein måte. Men det kan òg vere ei plage.*

*Ho: Ei plage?*

*Han: Ja. Talentet tek så stor plass i deg, i livet.*

*Ho: Ja?*

*Han: Det fyller nesten alt som er.*

## Ein verdsman

**Sivilstatus:** Gift, fire barn, ein hund.

**Aktuell med:** Boka «Andvake» som kjem ut i desse dagar, og stykket «Eg er vinden» som går på Nationaltheatret i haust. Har gitt ut nærare 50 bøker, både prosa, drama, dikt, barnebøker og romanar, og er Europas mest spelte dramatikar for tida.

**Noregs flottaste kvinne:**

Der trur eg at eg må vere ærleg og seie kona mi.

**Ville sendt i skammekroken:**

Det smålege.

**Er sikker på i livet:** At eg er glad i ungane mine.